

Oppsummering tidstjuvar 2014

Tverrgående IKT-utfordringar

Arbeidsnotat 5 -Tidstyvprosjektet i Difi (2015)



TIDSTYV

Innhold

1	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn	1
1.2	Identifisering av tidstjuvar med tverrgående IKT-utfordringar - avgrensing 2	
1.3	Føremål og innleiande kommentarar.....	3
1.4	Gruppering av tidstjuvane	4
2	Nærare omtale av gruppene og tidstjuvane. Pågåande og moglege tiltak.....	6
2.1	Langsiktig finansiering av IKT-modernisering.....	6
2.2	Informasjonsutveksling	7
2.3	Tidstjuvar hos Fylkesmennene.....	9
2.4	Styring og implementering av nye IKT-system	10
2.5	Elektronisk meldingsutveksling	10
2.6	IKT-system som mange nyttar	11
2.7	Felleskomponentar og –løysingar	12
2.8	Kart.....	14
2.9	Enkeltoppgåver – KMD	15
3	Oppsummering av tiltak og råd til KMD.....	16
3.1	Kort oversyn	16
3.2	Tiltak/prosjekt i Difi med relevans for tidstjuvane	16
3.3	Tiltak der det bør vurderast auka trykk på framdrifta	17
3.4	Større grep som kan initierast av KMD	17
4	Kjelder.....	18
5	Vedlegg 1	19
5.1	Gruppering av tidstjuvar med tverrgående IKT-utfordringar	19
5.1.1	Grupper – oppsummert.....	19
5.2	Oversikt over tidstjuvane i kvar gruppe	19

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Dette notatet er basert på ein gjennomgang Difi har gjort av tidstjuvar som omhandlar tverrgåande IKT- utfordringar.

Å identifisere, redusere og fjerne sokalla tidstjuvar er eitt av fem innsatsområde under regjeringa sitt satsingsområde - «Enklere hverdag for folk flest». Det dreier seg dels om å gjere møtet og samhandlinga med offentleg sektor enklare for innbyggjarar og næringsliv, dels om å effektivisere offentleg sektor slik at tilsette kan få meir tid til kjerneoppgåvene og auke kvaliteten i oppgåveløysinga.

Arbeidet starta i byrjinga av 2014 og vil gå fram til 2017. Regjeringa gav følgjande fellesføring for tildelingsbrev for statlege verksemdar for 2014:

"Statlige virksomheter skal i forbindelse med årsrapporten for 2014 rapportere til eget departement om arbeidet med fjerning av "tidstyver". Det vil si effektivisering av egen drift, regelforenkling og andre gjennomførte forenklingstiltak i egen virksomhet og overfor innbyggere, næringsliv og offentlige virksomheter. I tillegg bes virksomhetene innen 1. september om å foreslå forenkling av regelverk eller prosedyrekrav fastsatt av andre som skaper "tidstyver" for virksomheten".

For å sikre oversikt og kunne handtere det etter kvart store talet tidstjuvar som verksemdene sende til sine departement, blei det utvikla ei elektronisk løysing for registrering. Dette utgjer nå ein stor database på over 1.400 tidstjuvar.

I dette store materialet er det mange tidstjuvar som går inn på heilt eller delvis likearta problem. Difi har sortert og gått gjennom dei innmeldte tjuvane. Difi sin gjennomgang skal ikkje erstatte departementet som eig problemområdet si vurdering. Difi tilrår at det enkelte departement gjennomgår og grupperer tidstjuvane innanfor eige område og ut i frå eige behov og forståing. Difi sine notat må sjåast på som eit kunnskapsgrunnlag og supplement til dette arbeidet. Føremålet er å forstå det overordna *endringsbehovet* tidstjuvane samla sett viser til. Vi har ikkje realitetsvurdert innhaldet i den enkelte tidstjuv.

Det vert laga fem notat:

Arbeidsnotat 1: Dei store gruppene

Ei stor gruppe er tema som har 20 eller fleire tidstjuvar. Desse tidstjuvane har sitt utspring i regelverk, krav og system som omfattar alle eller store delar av den offentlige forvaltninga. Desse tidstjuvane utgjer 1/3 av samla tal tidstjuvar. Dette dreier seg om «tidstjuvar bak skranken», dvs. tjuvar som i all hovudsak handlar om ordningar, system og regelverk som gjeld administrasjon og prosessar i og mellom offentlige verksemdar.

Arbeidsnotat 2: Mindre grupper

Dette er tidstjuvar som er spelt inn på tema og regelverk som omfattar nokre færre verksemdar. Tema er tettare knytt til det som kan definerast som verksemda sine kjerneoppgåver. Dette dreier seg primært om «tidstjuvar

framføre skranken», og som ofte har direkte konsekvens for brukarar. Av slike grupper kan vi nemne verjemål, helsekrav i førarkort, vassdirektiv og plan- og bygningslova. Notatet er under utarbeiding.

Arbeidsnotat 3: Tverrgående problemstillingar

Tverrgående problemstillingar er tidstjuvar som inneheld felles problem, og som fleire departement må løyse uavhengig av kvarandre. Føremålet med gjennomgangen er å vise til liknande problem i andre sektorar og peike på program eller prosjekt som utviklar kunnskap som kan kome til nytte i løysing av tjuvane. Notatet er under utarbeiding.

Arbeidsnotat 4: Innlemming og gjennomføring av EØS' rettsakter

Utanriksdepartementet har hatt behov for å få ei samanstilling av tidstjuvar som omfattar innlemming av EØS' rettsakter. Notatet vert også sendt dei andre departementa.

Arbeidsnotat 5: Tverrgående IKT-utfordringar

I dette notatet har Difi tatt utgangspunkt i tjuvar som viser til tverrgående IKT-utfordringar. Notatet er kome i stand med bakgrunn i eit behov for å avdekke tema og problemstillingar der sektorovergrepande tiltak eller initiativ i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (pågåande eller nye) kan vere med og 'arrestere' tidstjuvane. Vi vil gjere merksam på at IKT utfordringar også vert omtala i arbeidsnotat 2 og 3, då ein i desse notata har forsøkt å sjå regelverk, IKT-løysing, organisering og kompetanse på utvalde tema i ein heilskapleg samanheng.

1.2 Identifisering av tidstjuvar med tverrgående IKT-utfordringar - avgrensing

Vi tok utgangspunkt i dei 1.355 tidstjuvane som per 24.04.15 var registrerte i databasen med status 'Behandlet av departement'. Desse blei gjennomgått ut frå ei vurdering av om dei inneber IKT-utfordringar. Den lista vi då sat att med vart samanhalde med tidstjuvar der verksemda har kryssa av for at 'forbedrede IKT-løsningar' kan avhjelpe problemet. Vi såg etter

- tidstjuvar som impliserer fleire enn ei verksemd (sjølv om i same sektor)
- tidstjuvar med ei problemstilling/type problem som går att i fleire verksemder
- tidstjuvar der KMD har eit tydeleg ansvar – som eigardepartement eller samordningsdepartement

Tidstjuvar som går på

- DFØ sine felles datasystem innan økonomi- og personal-området
- IKT-løysingar i samband med anskaffing
- fulldigitalisering av sjukmeldingar/dokument i oppfølging av sjukmelde OEP-offentleg elektronisk postjournal

er haldne utanom i dette notatet. Dei er omtala i Arbeidsnotat nr. 1 – Store grupper av tidstjuvar.

Vi sat då att med ei liste på 97 tidstjuvar. Vi gjer merksam på at dette ikkje nødvendigvis er ein totaloversikt over alle tidstjuvane på området, men til saman gir dei eit godt bilete av type problemstillingar som blir tekne opp.

1.3 Føremål og innleiande kommentarar

Føremålet med dette notatet er å avdekke tema og problemstillingar der sektorovergrepande tiltak eller initiativ i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), pågåande eller nye tiltak, kan vere med og 'arrestere' tidstjuvane. Pågåande prosjekt og tiltak i Difi er omtala i den grad dei er relevante. Det er også peika på nokre område der KMD har eit klart eigaransvar og kan vurdere å setje i verk tiltak på relativt kort sikt.

Det vil vere ein del overlapping mellom dei ulike arbeidsnotata. Ein del digitaliseringsutfordringar blir også omtala og sett inn i ein større samanheng i dei andre arbeidsnotata nemnde i pkt. 1.

Innleiingsvis vil vi peike på at 'IKT-utfordringar' i mange tilfelle også heng saman med utfordringar innan leiing, prosjektstyring, samordning/samhandling, kompetanse (både hos leiarar og medarbeidarar), brukarinvolvering osv. Det har derfor ofte lite føre seg å behandle IKT eller 'digitalisering' isolert sett. Fleire av tidstjuvane vi har sett på illustrerer dette. I arbeidsnotat 1 og 2 ser vi også meir heilskapleg på enkelttema.

Det som kan sjå ut som isolerte problem i eitt eller fleire datasystem kan også skuldast manglande kartlegging av brukarbehov og brukarmedverknad (både frå tilsette og eksterne brukarar) eller manglande brukartesting, pilotering og opplæring før system blir tatt i bruk. Det kan også vere manglande samhandling med andre etatar (om t.d. gjenbruk av data, vurdering av om allereie utvikla løysingar kan nyttiggjerast, utvikling av samhengande tenester på tvers), manglande bruk av standardar og felleskomponentar, manglande kompetanse om (innovative) anskaffing eller manglande vurdering av eller initiativ til om regelverket burde endrast osv. Det er viktig å gjere ei vurdering av regelverket før ein startar opp med å utvikle nye IKT-løysingar eller gå til anskaffing av nye IKT-system.

I Difi sitt notat 'Innspill til ny stortingsmelding om IT-politikk', sendt KMD 27.03. d.å., er vi er opptekne av at digitalisering i det offentlege handlar om mykje meir enn nye IKT-løysingar.

Når det gjeld kompetanse og kvalitetssikring viser vi også til 'Notat – strategisk anvendelse av IKT' sendt KMD des. 2014 med tilrådingar om 1) Kompetansetiltak i strategisk IKT for toppleiarar og 2) Kvalitetssikring og rådgiving i digitaliseringsprosjekt. I tildelingsbrevet for 2015 har Difi fått i oppdrag å gå vidare med kompetansetiltaka. Det vart alt i 2014 etablert eit Nettverk for program- og porteføljestyling med om lag 30 deltakande etatar og kommunar.

Dersom Difi blir tillagt ei kvalitetssikrings- og rådgevingsrolle i tråd med forslaga i notatet, vil ein etter kvart få ein nasjonal oversikt over planlagde og pågåande digitaliseringsprosjekt av noko omfang, samt få eit grunnlag for erfaringsutveksling og evaluering.

I årsrapporten for 2014 skriv Difi i pkt 3.2.2: ‘Vi mener det ville være fornuftig å styrke den nasjonale innsatsen på flere områder. Viktige områder er de prioriterte arbeidene under Skate, standardisering og arkitektur, kompetansetiltak om digitalisering rettet til ledere og rådgiving knyttet til prosjektgjennomføring og gevinstrealisering’.

Det er viktig å bruke samarbeidsrådet **Skate** (Styring og koordinering av tenester i e-forvaltning) som etablert samarbeidsorgan på tvers av sektorar. Følgjande verksemder deltek per no i Skate: Brønnøysundregistrene, Skattedirektoratet, Kartverket, Nav, Helsedirektoratet, Lånekassen, Statistisk sentralbyrå, KS/KommIT, Arkivverket, Difi (leiar og sekretariat).

Skate er eit rådgjevande organ og skal gi uttale om kva tiltak dei meiner er viktigast for å dekke prioriterte behov. Prioriteringskriteria er:

- Effektivisering i forvaltninga
- Betre tenester for brukarane
- Understøtting av digitaliseringsstrategiar/-målbylde

Skate tek mot og behandlar behov for fellesløyser og komponentar. Medlemmene i Skate kan melde inn behov i ein mal der dei skildrar og grunnjev behovet.

Behov blir vurdert ut frå om det gjeld fleire sektorar og verksemder, om tiltak for å dekke behovet vil gi gjenbruksverdi på tvers av ansvarsgrenser og om dekking av behovet inneber endring i IKT-standardar eller i arkitektur. Behova vert så prioriterte ut frå kriteria over, og blir følgde opp i møte i arbeidsutvalet og i sjølve Skate.

30. april i år vart verksemder utanfor Skate invitert til eit dialogmøte m.a. for å drøfte korleis dei kunne melde inn behov via Skate. Det blir vurderte om deltakarane på dialogmøtet kan gå inn i eit Skate-nettverk, men rutinane for dette er ikkje klarlagt enno.

1.4 Gruppering av tidstjuvane

Vi har ordna dei aktuelle tidstjuvane i grupper (kategoriar) ut frå kva type problemstilling dei inneber. Gruppene er ikkje gjensidig utelukkande, og fleire tidstjuvar har problemstillingar innanfor fleire av gruppene. Den ein skilde tidstjuv er plassert i den gruppa som ut frå vår vurdering høver best for hovudproblematikken i skildringa av tidstjuven.

Vedlagt til dette notatet er eit oversyn over gruppene med tidstjuvar, nummer i databasen, innhaldet kort referert, kven som er avsendar, kva departement som er ansvarleg, status per mai d.å. og stikkord om pågåande og moglege tiltak som har relevans for tidstjuven.

Det ligg også ved eit uttrekk frå databasen av dei aktuelle tidstjuvane, med løpande nummerering, beskriving og ansvarleg departement.

Grupper – oppsummert:

Gruppe	Tal tidstjuvar
Langsiktig finansiering av IKT-modernisering	2
Informasjonsutveksling <ul style="list-style-type: none"> • Integrasjon og dataflyt • Tilgang på data • Rapportering 	11 4 9
Tidstjuvar hos Fylkesmennene <ul style="list-style-type: none"> • integrasjon saksbehandlingssystem og fagspesifikke system og mellom ulike fagsystem • tilskotssystem 	7 11
Styring - implementering nye IKT-system (inkl. 'Arve')	12
Elektronisk meldingsutveksling	6
IKT-system som mange nyttar (inkl. arkiv og faktura)	13
Felleskomponentar og -løysingar	13
Kart	5
Enkeltoppgåver KMD	4
Totalt	97

Hovudføremålet med grupperinga er å seie noko om kva tema og type problemstillingar tidstjuvane dreier seg om. I pkt. 4 går vi nærare inn på dei enkelte gruppene og tidstjuvane, og seier noko om pågåande og moglege tiltak som kan vere med og avhjelpe problema.

Det er ut frå dei ofte nokså knappe skildringane av tidstjuvane i databasen vanskeleg å seie kor enkle eller komplekse dei ulike tidstjuvane er. Eigardepartementa bør i sin gjennomgang gjere ei vurdering av kva som kan løysast rimeleg enkelt og lokalt, og kva som bør sjåast i ein større samanheng – der felleskomponentar og –løysingar for heile forvaltninga er aktuelle. Når det gjeld det siste, kan departementa konsultere Difi. Behov for felles løysingar bør bringast inn for samarbeidsrådet Skate, og prioriterast ut frå kriteria som er fastlagde der.

Kortfatta oppsummering av dei viktigaste problemstillingane og behova tidstjuvane gir uttrykk for:

- Mange fagsystem innan sektorane skapar problem og frustrasjon (tidstjuvar) for dei tilsette fordi dei er tungvinte, lite brukarvenlege og umoderne og krev innlegging av opplysingar som finst i andre system, men som ikkje kan hentast automatisk, rapportering kan ofte ikkje gjerast automatisk frå systemet osv. Fagsystema er i hovudsak fagdepartementet sitt ansvar, men sidan same problemstilling gjeld fleire sektorar, og systema også manglar integrasjonsmoglegheiter med andre system, er dei tekne med her. Ansvarleg departement viser gjerne til at modernisering krev investeringar, må vurderast i budsjettprosessen og opp mot andre prioriterte oppgåver. Nokre peikar her på at ønskjelege/planlagte moderniseringsprogram manglar føreseieleg finansiering over fleire år.
- Behov for informasjonsutveksling og gjenbruk av data er ein gjengangar og utgjør den største gruppa av tidstjuvar i dette materialet. Manglande integrasjon mellom fagspesifikke system og saks/arkiv-system og dels økonomisystem er ei problemstilling, tilgang til ulike register eller fleire av opplysningane i registra er ei anna. Same informasjon må leggjast inn i ulike

system. Opplysningar og data må registrerast fleire gonger i ulike register. Skate sitt arbeid med informasjonsforvaltning og –utveksling er sentralt i denne samanheng.

- Krav om rapportering til ulike instansar i ulike system og malar, dels overlappande rapportering/rapportering av same data fleire stader tek mykje tid. Det er eit stykke att til idealet om å leggje inn opplysningar ein gong, og deretter kunne gjenbruke informasjonen ('once only-prinsippet'). E-dag/A-ordninga er eit steg i rett retning. Det er også eit behov for å gå gjennom rapporteringskrava med tanke på omfang, forenkling og samordning.
- Behovet for sikker utveksling av informasjon/dokument i arbeidsprosessar mellom verksemder er etterspurt av mange. Slik informasjon blir i dag ofte sendt per e-post eller papir. Difis arbeid med elektronisk meldingsutveksling adresserer denne problemstillinga.
- Forvaltninga handterer ein 'jungel' av tilskot som ofte er innført kvar for seg med gode intensjonar, men som skaper mykje byråkrati og papirarbeid, eller innlegging av data/uthenting av data i/frå mange forskjellige system og databasar. Ein bør kan hende vurdere samanslåing/sanering av tiltak i tillegg til å forbetre og samordne IKT-systema. Vi er klar over at det kan vere ordningar som er forhandla fram med eksterne partar (t.d. i landbruksoppgjeret). Det blir utarbeidd eit eige notat om tverrgåande tidstjuvar som tek opp tilskotsforvaltning i eit større perspektiv (Arbeidsnotat 3).

2 Nærare omtale av gruppene og tidstjuvane. Pågåande og moglege tiltak

Føremålet her er å utdjupe problemstillingane i kvar gruppe og vurdere om det er sektorovergripande tiltak, pågåande eller nye, som kan vere med og løyse problema dei aktuelle tidstjuvane peikar på. Døme på slike tiltak er Skate sitt arbeid med informasjonsforvaltning og –utveksling og Difi sitt arbeid med elektronisk meldingsutveksling.

2.1 Langsiktig finansiering av IKT-modernisering

Her blir det m.a. etterlyste ein overordna plan for digitalisering i offentleg sektor, med tilhøyrande framdriftsplan og finansiering over fleire år. Mangel på føreseielege budsjett i eit lengre tidsrom enn årleg og rom for større investeringar på IKT-området blir halde fram som faktorar som avgrensar moglegheitene til ein større innsats for å modernisere gamle fagsystem, få til integrasjon mellom ulike datasystem og utvikle nye databasar og system. Tidstjuvane i kategori Informasjonsutveksling er også aktuelle å sjå i dette perspektivet.

Vi meiner forslaget om ein plan for digitalisering innan offentleg sektor bør vurderast i samband med ny Stortingsmelding om nasjonal IKT-politikk. I Difi sitt innspel til denne meldinga, datert 27.03.d.å., seier vi at eit nytt dokument om IT-politikken bør ha eit anna føremål og innretning enn den gjeldande Digital agenda frå 2013. Vi meiner det er viktig at meldinga blir følgd opp med konkrete handlingsplanar med oppfølgingsrutinar og klar ansvars plassering.

2.2 Informasjonsutveksling

Dette er ein omfattande kategori med desidert flest tidstjuvar (24). Vi har prøvd å gruppere dei i tre undergrupper:

1. Integrasjon og dataflyt
2. Tilgang på data (data inn)
3. Rapportering (data ut)

I den første gruppa dreier det seg om

- manglande integrasjon mellom administrative system (sak/arkiv, økonomi, personal) og fagsystem (innan miljø, landbruk, justis, helse osv)
- manglande integrasjon mellom ulike fagsystem
- manglande datautveksling mellom ulike register

Den andre gruppa dreier seg om

- manglande oversikt over register/tilgjengelege data
- manglande tilgang til register/fleire data i registeret

Den tredje gruppa handlar om rapportering, manglande koordinering og utveksling av data, slik at ein må rapportere dei same data i ulike format og i ulike system til ulike interessentar. Her er til dels overlapping med gruppa over.

Fleirtalet av tidstjuvane i gruppa ‘Tidstjuvar hos Fylkesmennene’ høyrer også til i denne hovudgruppa, dvs. har problemstillingar som går på integrasjon mellom datasystem, og særleg gjeld det ulike tilskotssystem innan ulike sektorar og manglande integrasjon med saksbehandlar- og arkivsystem

Det er mange tidstjuvar som omhandlar gamle, umoderne, lite brukarvenlege fagsystem som bør moderniserast eller skiftast ut. Dei er tungvinte, har feil og manglar, og ‘snakkar ikkje’ med andre aktuelle datasystem. Det blir halde fram at det tek for lang tid å få utvikla eller skifta ut systema, og at dei skapar mykje frustrasjon og unødig tidsbruk.

Fleire tidstjuvar går på tilgang til data i Folkeregisteret (som er ein av dei nasjonale felleskomponentane). Finansdepartementet skriv i ein merknad at:

«Det er foreslått endringer i forslaget til ny folkeregisterlov om hva som skal være taushetsbelagt. Flere opplysninger vil frigis med loven som er foreslått. Dette vil gi økt tilgang til opplysninger. For taushetsbelagte opplysninger må brukerne selv ha hjemmel til å se opplysningene. Mer forutsigbar tilgangsstyring for brukerne vil være et resultat av forslaget til ny folkeregisterlov.»

I Arbeidsrapporten om store grupper av tidstjuvar er det omtale av integrasjon mellom DFØ sine fellessystem og nokre eksterne system:

‘Det er spilt inn flere forslag om at DFØ bør hente inn data til sine systemer fra andre kilder i offentlig sektor. Det gjelder blant annet likviditetsrapporter fra Norges Bank, underlag for sensor honorarer fra Prøveadministrasjons-systemet (PAS), NAV-løsninger for arbeidsgiverrefusjon og informasjon fra kredittkortselskap i forbindelse med reiseregninger. Bedre informasjonsflyt mellom ulike system på tvers av virksomheter kan gi

kvalitetsforbedringer og kostnadsreduksjoner. Her må det kartlegges potensielle kilder for informasjon, vurdere effekt av ulik utveksling og sette sammen representanter fra de ulike organisasjonene for å gjennomføre samhandlingsprosjekter på prioriterte områder.’

Difi-rapport 2013:10 omhandler informasjonsforvaltning i offentlig sektor. Her blir det formulert følgende visjon:

‘Alle data det offentlige forvalter, skal være beskrevet på en felles strukturert måte, og beskrivelsene skal være enkelt tilgjengelige. Det må i tillegg lages en felles overbygning(arkitektur)som gjør det mulig å utveksle disse beskrivelsene mellom ulike aktører.’

Dette er eit stort arbeid som omhandler kartlegging og beskriving av data i kvar verksemd, publisering av oversikt over data, vurdering av tilgang til data, definering av dataelement og beskrivingar (metadata) som er strukturert og maskinlesbare.

I Digitaliseringsrundskrivet 26.08.14, pkt 1.4 ‘Gjør offentlig informasjon tilgjengelig for viderebruk’ står det at verksemdar som etablerar nye eller oppgraderar eksisterande fagsystem eller digitale tenester, skal legge til rette for at data frå desse tenestene (så sant det ikkje er teiepliktig informasjon) blir tilgjengeleggjort i maskinlesbare format. På data.norge.no finn ein publiserte datasett og opne API-ar frå offentlig sektor. Difi sitt datahotell tilbyr opne distribusjonar av offentlege data under Norsk lisens for offentlege data. Datasetta kan brukast av både private og offentlege aktørar. Det bør t.d. vurderast om data frå Mattilsynet (tidstjuv nr. 149) og frå Miljøvedtaksregisteret (tidstjuv nr. 1139) kan leggjast ut som opne data.

I Difis årsrapport 2014 skriv vi: ‘Innsamling, forvaltning og deling av informasjon og data er grunnleggende for vellykket digitalisering. Virksomhetene har i dag for liten oversikt over hvilke data de eier, og gjenbraker informasjon fra andre i for liten grad. Gode tiltak på dette område kan fjerne tidstyver, og bidra til at brukerne av offentlig sektor møter en mer helhetlig forvaltning. Skate (Styring og koordinering av tjenester i e-forvaltningen) har informasjonsforvaltning blant sine høyest prioriterte områder.’

I notatet Innspill frå Skate til regjeringens strategi for nasjonale felleskomponenter, 09.04.d.å, er det i pkt 4.2.2 omtale av behov for standardiserte grensesnitt mellom fagsystem og dei ulike felleskomponentane/registra. Målet må vere at når informasjon vert endra i ein statleg etat/kommune skal den endra informasjonen sendast elektronisk i samsvar med standardiserte grensesnitt til brukarane (tenesteigarar), i staden for månadlege/årlege batch-overføringer og informasjon på papir.

Informasjonsforvaltning og –utveksling er eitt av dei tre høgast prioriterte områda i Skate når det gjeld behovet for felles løysingar, jf. sak 02-2014 (møte 22.04.d.å) Foranalyse informasjonsforvaltning og –utveksling. Leveranse til juni vil innehalde *skisser* til konseptval, aktuelle tiltak mv. Beslutningar om

konseptvalg og tiltak vil bli gjort i septembermøtet. Prioritering av tiltak vil bli gjort iht. foreslått styringssystem på novembermøtet.

I innspel til ny Stortingsmelding om IT-politikken, datert 27.03.d.å, har Difi peika på 'Forvaltningens data og informasjon' som eitt av 6 innsatsområde.

2.3 Tidstjuvar hos Fylkesmennene

Vi har samla tidstjuvar frå Fylkesmennene i ei gruppe (med unntak av dei som går på verjemålssystemet 'Arve'), då KMD er overordna og koordinerande departement for Fylkesmennene. Fylkesmennene utfører oppgåver for mange departement og direktorat. Mange av problemstillingane her høyrer også heime i gruppa Informasjonsutveksling. Vi har gruppert tidstjuvane som handlar om integrasjon mellom datasystem (7) og tidstjuvar som eksplisitt dreier seg om tilskotssystem (11).

Tidstjuvane i den første gruppa dreier seg i stor grad om gamle, umoderne fagsystem som er tungvinte å bruke og ikkje er integrerte med andre system. Data og informasjon må manuelt hentast frå eitt system og leggjast inn att i eit anna system. Det kan vere administrative system og rapporteringssystem, eller fagsystem som etterspør opplysningar som finst ei eit anna fagsystem.

Tungvinte IKT-system kan i nokon tilfelle også ha sin bakgrunn i komplisert regelverk som ikkje er tilpassa digital saksbehandling. Mange digitaliseringsprosjekt bør truleg starte med ein gjennomgang av relevant regelverk med sikte på tilrettelegging for digitalisering.

Den andre gruppa dreier seg om tilskotordningar og –system. Fylkesmennene har ansvar for mange ulike ordningar innan t.d. landbruk, miljø, kultur og kommuneøkonomi. Det er fleire som etterlyser eit heilskapleg system for forvaltning av tilskotsordningar. Det ein ønskjer er system som handterer heile arbeidsprosessen frå registrering av søknadar, vurdering av søknadane, vedtak, utbetaling og rapportering og arkivering. Alternativt at eksisterande system kan hente opplysningar frå andre relevante system, slik at ein slepp å leggje dei inn fleire gonger, og tilsvarende at andre kan hente ut data frå systemet til t.d. rapportering og økonomisystem.

Den same problematikken gjeld rapportering. Her bør ein truleg også vurdere kva rapportering som er nødvendig/rydde i rapporteringa før en set i gang med forbetring eller utvikling av nye IKT-løysingar, eventuelt at nye IKT-løysingar er fleksible nok til å handtere framtidig rapportering/ending i rapportering. Rapportering, dobbel- og trippelrapportering, hyppigheit m.v. blir omhandla Arbeidsnotat 3 Tverrgående utfordringar. Felles rapporteringskrav (målbruk, likestilling, miljø m.v.) er omtalt i arbeidsnotat 1 Store grupper.

Problematikken dreier seg også om samhandling på tvers og ein del barrierar knytt til det – at det kanskje er forhold i 'samhandlingskulturen' som må endrast før eller samstundes som ein startar arbeid med IKT-system som samhandlar. Vi viser i denne samanheng til Difi-rapport 2014:17 'Mot alle odds? Veier til samordning i norsk forvaltning.'

Det pågår eit arbeid med utvikling av ein ny IKT-strategi for fylkesmannsembeta, der mange av problemstillingane som kjem fram her vil bli adresserte. Det er viktig at tiltaka blir sett i samanheng med andre IKT-relaterte tiltak i eigardepartementa og arbeidet i regi av Skate. Vi viser også til forslag om ein heilskapleg handlingsplan med klare prioriteringar og framdriftsplan som del av eller oppfølging av ny stortingsmelding om IKT-politikken.

2.4 Styring og implementering av nye IKT-system

Det er 8 tidstjuvar som er spelt inn av fylkesmannsembete som går på verjemålssystemet 'Arve' (i ettertid omdøpt til 'Vera'). Dei går på at systemet var for dårleg utprøvd og testa før det blei sett i produksjon. Sidan desse tjuvane vart rapporterte inn har det skjedd utbetringar, men det skal framleis vere utfordringar knytta til både funksjonalitet og kapasitet. Det opplevdest som svært frustrerande at systemet svikta i ei stor reform som gjekk på å overføre arbeidet med verjemål frå kommunane til staten. Det var truleg også undervurdert kor mange ulike grupper som skulle kunne bruke systemet, både tilsette hos Fylkesmennene og verjer – advokatar og sivile personar. Heile verjemålsområdet blir omtala ut frå ein breiare synsvinkel i eit anna notat.

Elles i denne kategorien er ein tidstjuv frå Høgskolen i Vestfold som generelt går på at nye IKT-system blir innført utan god nok testing/gjennomarbeiding i forkant. Dei foreslår å forlenge pilotperioden og auke talet på pilotar i samband med systemskifte. Public360 og Oria er nemnde som døme. Vidare er det tidstjuvar frå Norges Handelshøyskole og Norad som hhv. etterlyser meir kritisk vurdering og betre opplæring før nye system vert innført.

2.5 Elektronisk meldingsutveksling

Fleire etterlyser moglegheita til å utveksle dokument på ein sikker måte, dokument som per i dag ofte blir sendt som vedlegg til e-post eller som papirpost. Det er minst seks tidstjuvar som tek opp denne problemstillinga. I tillegg er det fleire tidstjuvar i databasen som ikkje er tekne med i denne gjennomgangen (fordi dei er kategoriserte som andre typar problem enn IKT-relaterte) der elektronisk meldingsutveksling kan vere ein del av løysinga.

Difi har utarbeidd to rapportar om elektronisk meldingsutveksling, Difi-rapport 2013:13 og 2015:3. Dette arbeidet inngår i ein større samanheng, der post til innbyggjarar og forvaltninga si samhandling med næringslivet også er sentralt. På kort sikt foreslår Difi å gjere dette ved hjelp av at kvar einskild verksemd nyttar eit integrasjonspunkt og at det blir etablert eit felles adresseregister, der begge er uavhengige av verksemdene sine saksbehandlingsløysingar, interne arbeidsprosesser og måten digitale meldingar blir transportert til andre offentlege verksemder. Difi tilrår at ein etablerer eit felles register over digital adresseinformasjon til offentlege verksemder. Det handlar om informasjon som er journalføringspliktig, så arkivsystema i verksemdene står sentralt i løysinga. Det blir avgrensa i høve til det vi kallar informasjonsutveksling, som er del av arbeidsprosessar som i stor grad er digitalisert og som skjer hyppig eller har høgt volum, som t.d. A-ordninga.

Som ei oppfølging av tilrådinga i den siste rapporten, skal ei løysing for meldingsutveksling piloterast i avgrensa skala, per no er Arbeidstilsynet og

Kulturdepartementet aktuelle pilot-verksemder. Piloten er i ferd med å starte opp og er planlagt avslutta sommaren 2016, med sikte på overgang til permanent drift. Løysinga er utforma spesielt for at verksemder raskt og enkelt skal kunne kople seg på og få digitalisert papirposten sin. I tillegg vil verksemder som alt har digitalisert si meldingsutveksling, men som slit med ytinga (til dømes store filer), nyte godt av den meir robuste og fleksible arkitekturen piloten realiserer.

2.6 IKT-system som mange nyttar

Ein del av tidstjuvane dreier det seg om felles krav/påtrykk om oppgraderingar/endingar til leverandør Acos av system mange i staten brukar. WebSak, Public360, Ephorte og andre saks-/arkivsystem opplevest som lite brukarvenlege. Opplæring i systema opplevest mangelfull, men manglande kompetanse kan og botne i at mange er relativt sjeldne brukarar.

Som døme på påtrykk overfor private leverandørar kan nemnast arbeidet med digital post. Her er det ein viktig suksessfaktor at offentlege verksemder tek den digitale postkassen i bruk så raskt som mogleg. Som del av dette er det lagt ned mykje arbeid i få leverandørane av sak- og arkivsystem (Software Innovation med P360, Evry med Ephorte og Acos med Websak) til å utvikle integrasjonsmodular mot meldingsformidlaren, slik at det blir enkelt for verksemdene å kople seg på. Her har konkurranse mellom leverandørane bidratt til å få betre, billigare og raskare utnytting av ei fellesløysing som digital postkasse.

Vi vil elles nemne Difi sitt arbeid med Kvalitet på nett og i digitale tenester. Her blir løysingane vurdert opp mot eit sett av kriterium, og det blir utdelt stjerne og prisar til dei beste løysingane. Over tid har dette medverka til betre kvalitet i løysingane, m.a. gjennom at kriteria blir tekne med i kravspesifikasjonar og anskaffingar. Kriteria gjeld per i dag for innbyggjarretta tenester. Det kan vurderast om indikatorane også kan brukast på administrative system, der tilsette i staten er sluttbrukarar, eller om det er andre kriterium som bør gjelde her.

Integrering mellom Acos, Websak, PTA (økonomistyringssystem), og kopling til fakturaflyt blir etterlyst. Det er planlagt ei nærare integrering mellom Acos, Websak og PTA og å kople PTA til fakturaflyt i løpet av 2014/2015.

Det blir elles etterlyst moglegheit for fleire spesifikasjonar i elektronisk faktura og vist til problem med EHF-formatet og tilpassing til rekneskapssystem. Det siste er no ordna opp i.

Patentstyret vil fjerne/harmonisere standardar som ikkje samsvarar med internasjonale standardar (NOARK, EHF, Altinn m.v.) og Norsk romsenter vil fjerne den særnorske NOARK-standarden og utvikle ein ny standard basert på plattformuavhengige system. Desse problemstillingane er vurdert nærare av Difi i brev til KMD av 07.05. d.å, saksnr 14/00138. Her heiter det at

'Forskrift om IT-standarder i forvaltningen setter krav til bruk av standarder på spesifikke bruksområder. Den gir ikke et generelt krav til offentlige virksomheter om i størst mulig grad å basere seg på åpne internasjonale standarder. Et slikt krav vil kunne begrense bruken av

proprietære standarder i løsninger som Altinn, og bør etter vårt syn vurderes regulert i forskriften. Enkelte andre land i EU har den type krav. Difi vil ta med en vurdering om å fremme et slikt krav i neste revisjon av forskrift om IT-standarder i forvaltningen.'

Direktoratet for byggkvalitet meiner det er behov for ein fellesstatleg, moderne og modulbasert løysing for arkiv- og saksbehandling som samtidig enkelt leverer nødvendige informasjonsoversikter og statistikkar samt OEP. Det vart beslutta i Skate sitt arbeidsutval 24. april d.å. at Arkivverket tek ansvar som behovseigar for vidareutviklinga og beskrivinga av eArkiv i offentleg forvaltning, stat og kommune, og trekker med øvrige interessentar i dette arbeidet. Behovsbeskrivinga skal vere klar til behandling på møte i Skate 24. juni d.å.

Arkivfaglege problemstillingar vil elles bli behandla i eit notat som vedlegg til Arbeidsnotat 1 – Dei tore grupper.

2.7 Felleskomponentar og –løysingar

Felleskomponentar blir definert som komponentar i IKT-løysingar som kan sambrukast eller gjenbrukast i fleire IKT-løysingar i offentleg sektor. Dei mest sentrale er: ID-porten, Altinn, folkeregisteret, einingsregisteret, matrikkelen, digital postkasse, nasjonalt kontakt- og reservasjonsregister.

Autentisering og e-signatur

Her blir det etterlyst felles system for innlogging på PC og til datasystem ein har tilgang til i arbeidssituasjonen.

I Arbeidsrapport nr 1 skriv vi:

'Det har ved flere anledninger fremkommet behov for å ha felles eID-løsninger for alle ansatte i staten. Tidligere eID-strategier har konkludert med at pålogging internt i virksomhetene skal håndteres gjennom eksisterende påloggingsløsninger, og at kommunikasjon mellom virksomhetene skal håndteres ved hjelp av virksomhetssertifikater. I noen tilfeller har vi allikevel behov for personlig innlogging på tvers av virksomhetene, da ville det vært nyttig å kunne gjenbruke eksisterende pålogging. Det finnes løsninger for å gjenbruke eksisterende pålogging hos andre. KMD kan vurdere en felles rammeverk for slik gjenbruk av pålogging på tvers av offentlige virksomheter, som kan benyttes av blant annet DFØ.'

